



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Vestlandshuset, møterom Folgefonna

Dato: 4. oktober 2024

Klokkeslett: 08:00-11:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 27. september 2024

Saksliste byvekstavtalen

- Sak 46/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 47/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 10.06.2024
- Sak 48/24 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv
- Sak 49/24 Bruk av Post 66-midlar (regjerings bompengeavtale) – Tilskot til betre kollektivtilbod
- Sak 50/24 Bruk av Post 66-tilskot (belønningsmidlar) til drift av kollektiv
- Sak 51/24 Innfartsparkering Alver
- Sak 52/24 Vidareutvikling av styringsgrupper – Årshjul
- Sak 53/24 Byutgreiing i Miljøløftet
- Sak 54/24 Bompengertrykket i Bergensområdet
- Sak 55/24 Handlingsprogram 2025-2028 – Oversikt over lokale vedtak
- Sak 56/24 Status for bybanen byggetrinn 5
- Sak 57/24 Eventuelt: Byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 58/24 Trafikk og inntekt
- Sak 59/24 Eventuelt: Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 46/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 47/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 26.04.2024

Vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 48/24 Nye nøkkeltal for biltrafikk og kollektiv

Vedlegg 2 og 2a

Styringsgruppa har tidlegare uttrykt ønske om å få presentert oppdaterte tal for måleindikatorane i Miljøløftet jamleg. Denne saka samlar oppdaterte tal på bil- og kollektivtrafikk i avtaleområdet. Ei samla sak gjer det mogleg å sjå tala i samanheng.

Statens vegvesen presenterer nye tal frå byindeksen i møtet.

Skyss og Jernbanedirektoratet orienterer om nye passasjertal for buss, båt, bybane og tog.

Indikatorane for trafikkarbeid (vedlegg 2) og reisemiddelfordeling (vedlegg 2a) blei presenterte for styringsgruppa før sommaren, høvesvis i sak 41/24 og 30/24. Desse vil ikkje bli presentert på nytt i møtet, men kan gi eit meir heilskapleg bilete på trafikkutviklinga.

Trafikkarbeidet viser ein auke i bilreiser på 3,7 prosent frå 2018/19 til 2022/23 i heile avtaleområdet. Om ein berre ser på Bergen kommune var det ein reduksjon på 1,7 prosent i same periode. Reisemiddelfordelinga viser at andelen av reiser med bil har gått ned frå 50,1 til 44 prosent frå 2018 til 2023, mens andelen reiser med kollektiv, sykkel og gange har gått opp.

Saka bør også sjåast i samanheng med sak 57/24 i dette møtet, som omhandlar trafikk og inntekt gjennom bomstasjonane i Bergen.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 49/24 Bruk av Post 66-midlar (regjeringas bompengeavtale) – Tilskot til betre kollektivtilbod

Vedlegg 3, 3a og 3b

Saka vart handsama i dei to siste møta i prioriteringsrådet, 2. og 17. september og blir her lagt fram til diskusjon og endeleg vedtak.

Gjennom byvekstavtalen vert Bergensområdet tildelt 126 mill. kr. for 2024 over post 66, tilskot til betre kollektivtilbod. Dette er midlar som var knytt til «Regjeringas bompengeforlik», som auka det statlege bidraget til bybanen byggetrinn 4 frå 50 til 66%. Midlane skal konkretiserast årleg, og nyttast i løvingsåret.

Styringsgruppa for Miljøløftet bestemte i sak 20/23 at midlane skal nyttast til Bybanen, utan nærmere konkretisering. Likevel har desse midlane eit vidare handlingsrom for kva dei

kan brukast til enn i Styringsgruppas vedtak, som det framgår av brev frå Samferdselsdepartementet av 10. august 2023 (vedlegg 3a): «Tilskuddet kan fra 2023 brukes til tiltak for bedre kollektivtransport etter en lokal prioritering.». Ein slik utvida bruk av midlane vil i såfall krevje eit nytt vedtak i Styringsgruppa for Miljøløftet.

I påvente av NTP, vart avgjerda om bruk for 2024 utsett til no. Av same årsak vart også denne posten ikkje handsama i handlingsprogram 2025-2028. Det må derfor også komme ei eiga sak om bruken av dette tilskotet for 2025. For 2026 og frametter, er det venta at prioritering av bruken blir handsama i forbindelse med handlingsprogramprosessen og sett i lys av den totale porteføljestyringa i partnarskapen.

Forslag til bruk er presentert i vedlegg 2. Fylkesutvalet har blitt orientert om forslaget frå fylkeskommunen (vedlegg 2b), men det er styringsgruppa for Miljøløftet som har vedtaksmynde for bruk av desse midlane.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til at det statlege tilskotet for 2024 (126 mill.) vert nyttा som vist i vedlegg 3. Det blir lagt fram ny sak om bruk av tilskotet for 2025, tidleg i 2025.

Sak 50/24 Bruk av Post 66-tilskot (belønningsmidlar) til drift av kollektiv

Vedlegg 4, 4a og 4b

Det statlege Post 66-tilskotet (belønningsmidlane), er fordelt etter ein fordelingsnøkkel mellom Skyss, og kvar av kommunane i Miljøløftet. Som angitt i avtalen, får Skyss 280 millionar 2020-kroner årleg til drift av kollektivtransport innanfor avtaleområdet. Av desse er 25 mill. årleg øyremerka låg- og nullutslepsteknologi. Midlane skal porteføljestyra gjennom handlingsprogramprosessen.

Denne saka er ei oppfølging av sak 104/23, i møte i styringsgruppa den 6. desember 2023, sitat: «...det er behov for å få presentert ei sak om den langsiktige planen for bruk av midlar til kollektiv og særleg bruk av belønningsmidlane; om belønningsmidlane kjem i tillegg til eit ordinært kollektivtilbod slik dei var tenkt.»

Vestland fylkeskommunen har utarbeida eit notat om historikk og gjeldande bruk av belønningsmidlar til møtet (vedlegg 4).

Det er også vedlagt brev frå Statens vegvesen (vedlegg 4a) som etterspør detaljar rundt grenseoppgangen mellom ordinær drift av kollektiv og bruk av belønningsmidlar, og Vestland fylkeskommunes svar på dette (vedlegg 4b).

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek tidlegare bruk av belønningsmidlar til drift av kollektiv til orientering, og sluttar seg til framtidig prinsipp for bruk av belønningsmidlar til drift av kollektiv, som vist i saka. Styringsgruppa ber om at det for resten av avtaleperioden årleg vert utarbeidd prosjektark, i samband med den ordinære handlingsprogramprosessen, med forslag til bruk av post 66 til drift av kollektiv..

Sak 51/24 Innfartsparkering Alver

Vedlegg 5

I juni i år innførte Skyss restriksjonar på innfartsparkeringa ved Knarvik kai i Alver kommune. Parkeringa er no berre for reisande med periodebillett og parkeringsbevis. I ein uttale vedteke i formannsskapet 5. september (vedlegg 5), seier Alver kommune seg forundra over at dette er innført utan å ha vore drøfta i Miljøløftet.

Kommunen er bekymra for konsekvensane etter innføring av innfartsparkeringa, og har sendt eit framlegg til fylkeskommunen der dei ber om at det snarleg vert opna for at kollektivreisande som ikkje har periodebillett og parkeringsbevis hos Skyss kan parkere på Knarvik kai.

I tidlegare styringsgruppemøte (sak 67/20) er det blitt vedtatt at slike saker skal drøftast av styringsgruppa før ev. endring av parkeringsregler ved innfartsparkering.

Alver kommune legg fram saka, og saka blir drøfta i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa ber om at det vert vurdert korleis ein kan innrette betaling eller andre løysingar for innfartsparkering i omeignskommunane, slik at fleire nyttar kollektiv til Bergen. Styringsgruppa ber også om at eventuelle endringar knytt til innfartsparkering vert drøfta mellom partane det vedkjem før innføring.

Styringsgruppa ber om status på arbeidet innan 1. kvartal 2025.

Sak 52/24 Vidareutvikling av styringsgrupper – Årshjul

Vedlegg 6

Saka er ei oppfølging av styringsgruppa si sak 87/23 Vidareutvikling av styringsgrupper for byvekstavtaler, der vedtaket var «*Styringsgruppen ber om at sekretariatet i samråd med partene kommer tilbake til Styringsgruppen med forslag til rolle- og ansvarsbeskrivelse og årshjul som skal gjelde for Miljøløftet. Forslaget skal ta utgangspunkt Vegdirektørens anbefalinger til felles rolle- og ansvarsbeskrivelser og årshjul for byvekstavtaler, og drøfting i møtet. Styringsgruppa ber om at plan for implementering legges fram i neste styringsgruppemøte.*»

Sekretariatet har utarbeidd eit forslag til årshjul tilpassa prosessane i Miljøløftet. Med nytt forslag blir det lagt opp til 6-7 årlege møter i styringsgruppa. Kvart av møta er kopla til milepålar rundt handlingsprogram og porteføljestyring. I framstillinga er også dei lokalpolitiske prosessane og milepålane vist. Prioriteringsrådet slutta seg til forslaget i møte 2. september.

Med denne saka ser ein no frå sekretariatet si side arbeidet med vidareutvikling av styringsgrupper som ferdigstilt.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til forslaget til årshjul for Miljøløftet.

Sak 53/24 Byutgreiing i Miljøløftet

Statens vegvesen har fått oppdrag frå Samferdselsdepartementet om å starte arbeidet med byutgreiingar, som del av førebuingane før reforhandling. Statens vegvesen orienterer om planar for organisering og prosess.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 54/24 Bompfengetrykket i Bergensområdet

Vedlegg 7

Vestland fylkeskommune har utarbeida ein rapport (sjå vedlegg 7) med analyser av det samla bompfengetrykket og trafikkutviklinga i byvekstregionen. Denne kjem som svar på politiske vedtak i fylket, men er også aktuell som svar på spørsmål stilt i Miljøløftets styringsgruppe, som har omhandla det totale bompfengetrykket (seinast omtala i sak 11/23), og om kva for effekt Svegatjørn–Rådal har hatt på bompfengetrykk og køyremønster (sak 14/24). I rapporten blir det vist til at bompfengetrykket vil opplevast ulikt på individnivå, og at trykket avheng av mellom anna sosioøkonomiske forhold, bustad, arbeidsstad, kollektivtilbod og reisemønster.

Rapporten har blitt drøfta i Prioriteringsrådet, som understrekar at det i denne rapporten ikkje er gjort skilnad mellom føremålet med dei ulike bompfenepakkane. Bypakke Bergen er den einaste av bompfenepakkane i denne analysen som har eit særskilt mål om å ha ein trafikkavvisande effekt. Vidare er Bypakke Bergen den einaste av bompfenepakkane som er del av Miljøløftet. Miljøløftet har eit anna føremål enn det som ligg til grunn i rapporten, nemleg at bompengar er eitt av eit sett verkemiddel som skal bidra til å få fleire til å velje vekk privatbilen. Prioriteringsrådet understrekar derfor at dei auka kostnadene som det blir vist til i rapporten, berre gjeld dei som ikkje endrar reisevanar. Endring av reisevanar er eit mål for Miljøløftet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 55/24 Handlingsprogram 2025–2028 – Oversikt over lokale vedtak

Vedlegg 8

Alle dei lokalpolitiske partane i Miljøløftet har no handsama Handlingsprogram 2025–2028. Alle partane slutta seg til handlingsprogrammet.

I denne saka samanfattar sekretariatet vedtakspunkta frå dei ulike politiske styra. I vedlegg 6 er dei ulike vedtaka presentert, saman med merknader og protokolltilførslar. Det er dei lokale partane sjølv som er ansvarlege for å ta i vare sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane. Partane er sjølv ansvarlege for å orientere dersom det er utfordringar knytt til oppfølging av vedtak, eller andre særlege omsyn av relevans for partane i Miljøløftet.

Sekretariatet oppmodar partane om å etablere interne rutinar for å sikre lokalpolitisk behandling av handlingsprogram og årsmelding frå Miljøløftet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram.

Sak 56/24 Status for bybanen byggetrinn 5

Bystyret i Bergen og fylkestinget i Vestland behandlar sine saker om evt kompromissløysing for bybanen byggetrinn 5 i kvar sine møter 2. oktober. I styringsgruppemøtet vil Vestland fylkeskommune og Bergen kommune presenterere konklusjon frå desse møta og status for potensiell bybaneavtale.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 57/24 Eventuelt byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 58/24 Trafikk og inntekt

Vedlegg 9

Utviklinga av fordeling av køyretøy og bompeneinntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa for bypakke Bergen jamleg. Trafikkutviklinga bør sjåast i samanheng med anna trafikkovervaking, så som byindeksen og utvikling i bruk av kollektiv. Trafikk og inntekt i bypakke Bergen blir derfor presentert for Miljøloftets styringsgruppe, som del av eit grunnlag for å følgje med på måloppnåing.

Vestland fylkeskommune presenterer oppdaterte tal i møtet.

Temaet om justering av takstane i bypakke Bergen har vore oppe i styringsgruppa fleire gonger det siste året, seinast i møte 4, sak 44/24 der følgande vedtak vart fatta (utkast til referat):

«*Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa understrekar at bompengar også er eit viktig verkemiddel for å nå nullvekstmålet og er bekymra for den regulerande effekten bompengane har i dag, ettersom biltrafikken aukar. Den aukande elbilandelen fører til lågare inntekter og svekker den finansielle styrken i pakka.*

Saka vil bli diskutert vidare etter vedteke NTP..»

Fylkestinget fatta i mars følgande vedtak:

«*Fylkestinget samtykker i at bompengepakkar i Vestland kan redusere rabatten for lette nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 på inntil 30 prosent av ordinær takst, både i eksisterande og framtidige bompengepakkar, gitt at prosjektkommunen(ane) gjer tilsvarande vedtak.*

Trafikkutviklinga held fram med å auke, og det er trøng for tiltak viss Miljøloftet skal klare å nå nullvekstmålet. Justering av bompengetakstar er del av Miljøloftet si virkemiddelpakke, og tiltaket er venta å ha effekt på trafikkutviklinga.

I Sak 109/23 Bypakke Bergen: Forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen, la arbeidsgruppa som utarbeidde moglege tiltak, fram eit forslag til vedtak, som den gang vart utsett.

I samband med denne saka, la Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen fram dette forslaget på nytt for prioriteringsrådet. i møte 17. september. Prioriteringsrådet gjorde følgande konklusjon:

Prioriteringsrådet anbefaler Styringsgruppa om å vedta eit alternativ som i størst mogleg grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten for å oppnå nullvekstmålet.

Sak 59/24 Eventuelt bypakke Bergen